



Arkivsak 200600700-17  
Arkivnr. 135  
Saksh. Gilberg, Einar

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Opplærings- og helseutvalet	20.06.2006
Fylkesutvalet	22.06.2006

## **VAL AV PILOTPROSJEKT FOR SAMARBEID MELLOM VIDAREGÅANDE SKULAR OG LOKALT NÆRINGS LIV**

---

### **SAMANDRAG**

I framlegget for 2006 vart det vedtatt eit samarbeidsprogram mellom vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn som ei ny satsing. Det vart sett av kr 500.000. I brev av 25. april (sjå vedlegg) vart midlane lyste ut.

I alt kom det inn søknader frå åtte skular. I utlysinga vart det lagt særleg vekt på ei god forankring i lokalt næringsliv, og at det er naturleg at dette kjem til uttrykk både gjennom å stille personell til disposisjon og gjennom finansiering. Når ein legg dette til grunn, og ein må prioritere midlane, kjem Fusa og Osterøy sine søknader framfor dei andre sine.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

Fylkesutvalet vedtar slik fordeling av tilskott til samarbeidsprogram mellom vidaregåande skular og lokalt næringsliv:

Osterøy vidaregåande skule kr 400.000  
Fusa vidaregåande skule kr 100.000

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Brev med utlysning  
Oversikt over søkerane

## FYLKESRÅDMANNEN, 7.06.2006:

### 1. Bakgrunn

I framlegget for 2006 vart det vedtatt eit samarbeidsprogram mellom vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn som ei ny satsing. I budsjettpremissane står det m.a.:

- *Eit program for samarbeid mellom vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn, med sikte på at skular/kommunar skal bli tatt i bruk som ressurs for regional utvikling i sitt område (kr. 500.000). Programmet kan rettast slik at skulane søker om midlar, i eit samarbeid med lokalt næringsliv/kommunar. Det bør inngåast avtaler med skular der det er stor interesse, og ein har gode relasjonar med lokalt næringsliv. Lokalt næringsliv må ha stor innverknad på bruken av midlane”.*

....

I møte 22.02.06 gjorde Fylkesutvalet følgjande samrøystes vedtak:

- 1 Midlar til Samarbeidsprogram vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn vert lyste ut til dei vidaregåande skulane, i tråd med retningslinene som følgjer av denne saka. Prosjekt skal ha som føremål at vidaregåande skular skal bli teke i bruk og utvikle seg vidare som ressurs for regional utvikling i sitt område, med vekt på satsingar som går ut over tradisjonelle tiltak for utadretta samarbeid og aktivitet.
- 2 Fylkesutvalet tar stilling til kva for prosjekt som skal få støtte etter innstilling frå Opplærings- og helseutvalet.

I brev av 25. april (sjå vedlegg) vart midlane lyste ut. Fristen vart sett til 24. mai. Det kom inn åtte søknader, alle frå skular.

### 2. Vurdering av søknadene

Til grunn for vurderinga av søknadene ligg måla for programmet slik det var sett opp i utlysinga av midlane, kombinert med eit generelt krav til god prosjektorganisering.

Søknadene frå dei fem skulane, Rubbestadneset, Bergen handelsgymnasium, Askøy, Årstad og Laksevåg, svarte berre i nokon grad på teksten i utlysinga. Det var då særleg til kravet om næringslivet si deltaking på finansieringssida av tiltaka at det mangla svar. Vidare var det i fleire av desse søknadene uklårt korleis prosjektet skulle kunne skape endringar utover prosjektperioden.

Det var tre søknader som peika seg ut som heilskaplege og i tråd med utlysningsteksten. Desse kom frå Fusa vidaregåande, Odda vidaregåande og Osterøy vidaregåande.

Fusa v.g.s.

Prosjektet til Fusa tek utgangspunkt i den sterke posisjonen oppdrettsnæringa har i området kring Bjørnefjorden. Som produktmål har ein sett opp:

- Prosjektet skal gje dei aktuelle verksemdene auka kompetanse i konkrete fagområde.

- Elevane skal få tilgang til nye læringsarenaer, og få betre innsikt i heile produksjonskjeder og auka forståing av betydninga av kvalitet i alle ledd i produksjonen.
- Utprøving av nye undervisningsmetodar med utgangspunkt i intensjonane i kunnskapsløftet
- Fremja entreprenørskap i undervisninga på dei aktuelle programområda

Av aktivitetane vil vi trekkje fram, ligg prosjektarbeid relatert til verksemdene med kritisk gjennomgang av produksjonen med mål om forbetring/ending, produktutvikling, marknadsføring, og entreprenørskap.

Av finansieringsplanen går det fram at verksemdene vil følgje opp elevane i arbeidstida og delta i arbeidsgrupper og referansegrupper tilsvarande 25% av prosjektkostnaden.

Odda v.g.s.

Prosjektsøknaden til Odde er ei oppfølging av eit forprosjekt som har motteke støtte frå fylkeskommunen. Prosjektet "Vatn" tek vatn som utgangspunkt for kunnskap, samarbeid, entreprenørskap og innovasjon. Gjennom opplæringa om temaet vatn skal ein stimulere og gje elevane kunnskap om Oddaregionen. Dette for å stimulere elevane i høve til vidare utdanning og arbeid i regionen.

Av aktivitetar vil vi trekkje fram:

- Retta fokus på jobbutvikling t.d. reiseliv, guiding, ut frå det grunnlaget elevane har fått i opplæringa i høve til VATN.
- Nytt dei prosjekta som passar til å utvikla pedagogisk verkty som andre jobbar innan opplæring kan nytta seg av.
- Lage ein kunnskapsbase om tema VATN i samarbeid med prosjektet "Arkiv, bibliotek og museum i partnerskap"
- Logistikk og organisering av transport for å frakta elevar ut av skulebygget, slik at ein kan vitja verksemdar, museet, naturfenomen og arbeide med oppgåver.

Prosjektet har ein total kostnad på 330.000 kvart år i to år. Skulen søkjer om løyving frå fylkeskommunen på 230.000. Bidraget frå samarbeidspartar er ikkje sett opp i budsjettet men er rekna til å bli mellom kr 50.000 og kr100.000.

Osterøy v.g.s.

Prosjektet til Osterøy er kalla KAM, Kompetansesenter for avansert maskinering. Utgangspunktet er at bedrifter på Osterøy og elles i regionen treng rekruttering frå skulen av folk med ein annan kompetanse enn det dei i dag kan gje. Bedriftene peikar på at det kostar dei alt for mykje å ta inn lærlingar, for dei har i dag manglande bakgrunn for å arbeida med moderne maskinutstyr. Opplæring i skulen, kombinert med opplæring/ praksis i bedrift i skuletida, vil gje elevar relevant og høg kompetanse som industrien no etterspør.

Hovudmålet er: Utvikla ei regionalt, og etter kvart nasjonalt ressurscenter for avansert maskinering og robothandtering, basert på samarbeid mellom Osterøy v.g.s., lokalsamfunnet og lokalt og regionalt næringsliv. utviklingsprosjektet skal gjennomførast slik at det har overføringsverdi for andre skular, både i Hordaland og elles i landet.

Eit utval aktivitetar/ delmål i prosjektet:

- Å gje opplæring på maskiner med moderne styringsteknologi og robotar, både i skuleverkstad og gjennom praksis i bedrifter som skulen har avtale med.
- Å tilby opplæring på eit breitt spekter av datastyrt maskiner, for også å dekkja bransjar som til no har mangla opplæringstilbod.
- Rekruttera personar og gje relevant opplæring til lærarpersonalet for at dei kan ha den kompetansen som er naudsynt for å gje opplæring på moderne CNC-maskiner.

Prosjektplanen er prega av eit tett samarbeid med kommunen, lokalt og regionalt næringsliv. Prosjektet har fått støtteerklæringar frå tretten bedrifter i regionen som til saman representerer 2300 arbeidsplassar og driv 250 CNC- maskiner. Denne støtta kjem også til uttrykk i finansieringsplanen. Over tre år vil prosjektet kosta 3 millionar kr. Av desse søkjer Osterøy v.g.s om at 50% vert dekkja av fylkeskommunen, med ei årleg løyving på kr 500.000. Størsteparten av dei resterande midlane vil kome frå næringslivet, i form av gåver, eller som støtte gjennom Kompensasjonsstyret\*.

### **Konklusjon**

I alt kom det inn søknader frå åtte skular. Av desse var det tre som peika seg ut med heilskaplege prosjektplanar. Til saman har desse søkt om kr 842.000. I budsjettet for 2006 var det sett av kr 500.000.

I utlysinga vart det lagt særleg vekt på ei god forankring i lokalt næringsliv, og at det er naturleg at dette kjem til uttrykk både gjennom å stille personell til disposisjon og gjennom finansiering. Når ein legg dette til grunn, og ein må prioritere midlane, kjem Fusa og Osterøy sin søknad framfor Odda sin. Fusa og Osterøy har ein tydeleg forankring i lokale/regionale bedrifter sine utfordringar og er med å løyse desse gjennom prosjekta sine.

Vi vil derfor rå til at midlane vert fordelt mellom Fusa v.g.s. og Osterøy v.g.s. med kr 100.000 til Fusa og kr 400.000 til Osterøy.

---

\* Kompensasjonsstyret er styret som administrerer og løyver dei såkalla kompensasjonsmidlane som vert overført frå staten som kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. her sit det representantar både frå kommune og næringsliv.